

Innkalling

Utval	Sykkylven kontrollutval
Møtestad	Vestibyllen, kulturhuset
Dato	26.01.2022
Tidspunkt	kl 14:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksi.no eller på telefon 92611735

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

Sakliste

PS 01/22	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 02/22	Orienteringar
OS 01/22	Orientering om drifta av Sykkylven legesenter
PS 03/22	Meldingar
MS 01/22	Kontrollutvalsboka revidert utgåve 2022
PS 04/22	Interimrevisjon 2021
PS 05/22	Årsmelding 2021 Sykkylven kontrollutval

Ålesund, 19.01.2022

Leonhard Vårdal
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 01/22	Sykkylven kontrollutval	26.01.2022

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Protokoll - Sykkylven kontrollutval - 24.11.2021

Møteprotokoll

Utval	Sykkylven kontrollutval
Møtestad	møterom Megardsdalen, bankbygget
Dato	24.11.2021
Tidspunkt	kl 14:00 - 15:40

Frammøtte

Grethe Melseth
Kjellaug Roald
Målfinn Aanning
Petter Hole-Drabløs

Forfall

Leonhard Vårdal

Varamedlem

Stig Ålgårdstad

Møtenotat

Frå kommunerevisjonen møtte forvaltningsrevisor Anne Lise Roald og oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram. Frå kontrollutvalsekretariatet møtte rådgivar Bjørn Tømmerdal.

Frå administrasjonen i kommunen møtte kommunedirektør Geir Ove Vegsund og økonomisjef Tobjørn Emblem. I orienteringssak 01/21 deltok kommunalsjef Bjørnar Midtbust og einingsleiar barne- og familieteneste Linda Hovland.

Kontrollutvalet valde å handsame orienteringsak 01/21 etter politisk sak 21/21.

Petter Hole-Drabløs

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Sakliste

PS 18/21	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
MS 01/21	Stadfesting av revisor sitt sjølvstende 2021- Sykkylven kommune
PS 19/21	Forvaltningsrevisjon 2021 - offentlege innkjøp og anskaffingar
PS 20/21	Revisjon- og kommunikasjonsplan 2021
PS 21/21	Forenkla etterlevelseskontroll 2021
OS 01/21	Barnevernreforma 2022 - Status Sykkylven kommune
PS 22/21	Møteplan 2022

PS 18/21 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møtebok frå forrige møte slik den ligg føre.

Sykkylven kontrollutval 24.11.2021

Behandling

Votering: samrøystes

SYKU - 18/21 vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møtebok frå forrige møte slik den ligg føre.

MS 01/21 Stadfesting av revisor sitt sjølvstende 2021- Sykkylven kommune

Tilrådning til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Sykkylven kontrollutval 24.11.2021

Behandling

Votering: samrøystes

SYKU - 01/21 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

PS 19/21 Forvaltningsrevisjon 2021 - offentlege innkjøp og anskaffingar

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet legg saken frem for Sykkylven kommunestyre med følgande innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonen om innkjøp og offentlege anskaffingar til vitande.
2. Kommunestyret tilrår kommunedirektøren å innarbeide dei merknadene som kjem fram i rapporten kapittel 6 for å gjere denne type arbeid betre i Sykkylven kommune. Spesielt bør ein prioritere å lage eit skriftleg reglement med mål, forventningar og strategi for innkjøp og anskaffingar.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren spesielt sjå nærare på sikring av opplæring for dei tilsette som gjer offentlege innkjøp og anskaffingar.
4. Kommunestyret bed om ei sak på oppfylging av punkta 2. og 3. innan utgangen av 1. halvår 2022.

Sykkylven kontrollutval 24.11.2021

Behandling

Forvaltningsrevisor Anne Lise Roald gav kontrollutvalet ein presentasjon av rapporten og dei tilrådingane som revisjonen anbefalte. Vidare gav økonomisjef Torbjørn Emblem ei oppdatering på det arbeidet som har vært gjort i 2021 på området innkjøp og anskaffingar.

Votering: samrøystes

SYKU - 19/21 vedtak

Kontrollutvalet legg saken frem for Sykkylven kommunestyre med følgende innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonen om innkjøp og offentlege anskaffingar til vitande.
2. Kommunestyret tilrår kommunedirektøren å innarbeide dei merknadene som kjem fram i rapporten kapittel 6 for å gjere denne type arbeid betre i Sykkylven kommune. Spesielt bør ein prioritere å lage eit skriftleg reglement med mål, forventningar og strategi for innkjøp og anskaffingar.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren spesielt sjå nærare på sikring av opplæring for dei tilsette som gjer offentlege innkjøp og anskaffingar.
4. Kommunestyret bed om ei sak på oppfylging av punkta 2. og 3. innan utgangen av 1. halvår 2022.

PS 20/21 Revisjon- og kommunikasjonsplan 2021

Tilråding til vedtak:

Sykkylven kontrollutval tek framlagte revisjon- og kommunikasjonsplan 2021 til vitande

Sykkylven kontrollutval 24.11.2021

Behandling

Votering: samrøystes

SYKU - 20/21 vedtak

Sykkylven kontrollutval tek framlagte revisjon- og kommunikasjonsplan 2021 til vitande

PS 21/21 Forenkla etterlevelseskontroll 2021

Tilråding til vedtak:

Sykkylven kontrollutval tek framlagte plan for etterlevelseskontroll 2021 til vitande.

Sykkylven kontrollutval 24.11.2021

Behandling

Votering: samrøystes

SYKU - 21/21 vedtak

Sykkylven kontrollutval tek framlagte plan for etterlevelseskontroll 2021 til vitande.

OS 01/21 Barnevernreforma 2022 - Status Sykkylven kommune

Tilråding til vedtak:

Kontollutvalet tek orienteringa til vitande.

Sykkylven kontrollutval 24.11.2021

Behandling

Votering: samrøystes

SYKU - 01/21 vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

PS 22/21 Møteplan 2022

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet i Sykkylven kommune vedtar følgande møter for kalenderåret 2022:

onsdag 26. januar, onsdag 9. mars, onsdag 11. mai, onsdag 14. september, onsdag 23. november

Sykkylven kontrollutval 24.11.2021

Behandling

Votering: samrøystes

SYKU - 22/21 vedtak

Kontrollutvalet i Sykkylven kommune vedtar følgande møter for kalenderåret 2022:

onsdag 26. januar, onsdag 9. mars, onsdag 11. mai, onsdag 14. september, onsdag 23. november

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 02/22	Sykkylven kontrollutval	26.01.2022

Orienteringar

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

Underliggende saker

01/22	Orientering om drifta av Sykkylven legesenter
-------	---

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
OS 01/22	Sykkylven kontrollutval	26.01.2022

Orientering om drifta av Sykkylven legesenter

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Leiar Leonhard Vårdal har på vegne av Sykkylven kontrollutval bede administrasjonen om ei orientering omkring drifta av Sykkylven legesenter. Kommunedirektør Geir Ove Vegsund har bekrefta at det vil bli gitt ei slik orientering til kontrollutvalet på møte onsdag 26. januar 2022.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 03/22	Sykkylven kontrollutval	26.01.2022

Meldingar

Underliggende saker

01/22 Kontrollutvalsboka revidert utgåve 2022

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 01/22 Sykkylven kontrollutval

Møtedato
26.01.2022

Kontrollutvalsboka revidert utgåve 2022

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Samandrag:

Ein velfungerande eigenkontroll styrkjer innbyggjarane sin tillit til kommunen og er viktig for å sikre effektiv og rett bruk av ressursane. Aktørane i eigenkontrollen er kommunestyret, kontrollutvalet saman med sekretariatet, kommunedirektøren og revisor. Ein god eigenkontroll krev samspel mellom desse. For at dette samspelet skal fungere, er det naudsynt at aktørane kjenner både si eiga og kvarandre sine roller. Målet med kontrollutvalsboka er å skape større forståing for rolla og oppgåvene til kontrollutvalet og å medverke til eit godt samspel mellom dei ulike aktørane.

I kontrollutvalsboka gjer departementet greie for si generelle forståing av kommunelova og dei aktuelle forskriftene. Kommunane og fylkeskommunane har eit sjølvstendig ansvar når dei brukar lova, og for vedtaka sine.

Første utgåve av kontrollutvalsboka vart utarbeidd av Deloitte på oppdrag frå departementet. Når no kontrollutvalsboka kjem i tredje utgåve, så er denne oppdatert av departementet i samarbeid med FKT - Forum for kontroll og tilsyn og NKRF- kontroll og revisjon i kommunene. Den nye kommunelova med forskrifter er innarbeidd i den nye utgåva. Nokre andre oppdateringar er gjorde.

Førebels finn ein boka kun som eit elektronisk dokument på: Kontrollutvalsboka - regjeringa.no

Når boka kjem som trykt eksemplar litt utpå nyåret 2022 vil medlemmane i kontrollutvala få ho utdelt.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 04/22	Sykkylven kontrollutval	26.01.2022

Interimrevisjon 2021 Sykkylven kommune

Tilråding til vedtak:

Sykkylven kontrollutval tek oppsummeringa frå Møre og Romsdal Revisjon SA til vitande.

Bakgrunn:

Interimsrevisjon er den revisjonen som blir gjennomført i løpet av året for å kontrollere at dei interne kontrollane fungerer som forutsett gjennom året. I interimsrevisjonen går revisor gjennom og testar rutinar, transaksjonar og rapportering innan utvalde område. Revisor har eit sjølvstendig fagleg ansvar for å revidere årsrekneskapen til kommunen i samsvar med lov, føresegner og god kommunal revisjonsskikk. Rekneskapsrevisjon omfattar kommunen sin årsrekneskap, og dessutan årsrekneskapen i eventuelle kommunale føretak. Årsrekneskapane skal reviderast før dei blir lagde fram for handsaming i kommunestyret. I tillegg til revisjon av årsrekneskapen til kommunen vil også oppgåvene til revisor omfatte ei rekkje attestasjonar, til dømes mva kompensasjonsoppgåvene til kommunen.

Vurdering:

I møte onsdag 26. januar 2022 vil oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram gje kontrollutvalet ein gjennomgang av interimsrevisjonen 2021. Hennar presentasjon ligg ved saka.

Målet med rapporteringa bør vere å gje kontrollutvalet tryggleik for at revisjonen går etter planen, og sikre at kontrollutvalet blir informert om viktige forhold som blir avdekte gjennom revisjonen. Dialogen mellom kontrollutvalet og revisjonen blir styrkt ved at revisor deltek på møta i kontrollutvalet.

Målsettinga med presentasjonen er ei oppsummering av interimsrevisjonen for kontrollutvalet. Kontrollutvalet bør også undersøke med revisor om desse funna fører til eventuelle endringar for planen av revisjonen av årsrekneskapen 2021.

Vedlegg

Rapport frå interimrevisjon 2021 - Sykkylven kommune

Rapport etter interim 2021

SYKKYLVEN KOMMUNE

ORIENTERING I KONTROLLUTVALGET 26.01.2022

Faser i regnskapsrevisjon

2

- **Planlegging**

Foreløpig risikovurdering og identifisering av fokusområde
Gjennomgang av og legge opp tidsplan for revisjon og rapportering
Fastsette revisjonsplan for fokusområdene
Presentasjon av revisjonsplan for administrasjonen og kontrollutvalg

- **Etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen**

Risiko- og vesentlighetsvurdering legges fram for kontrollutvalget 24. november

- **Interimsrevisjon**

Foreløpig analyse av kommunens regnskap
Møte med kommunens økonomi og regnskapsavdeling for å kartlegge samt løse identifiserte problemstillinger
Revisjon av nøkkelprosesser inkludert møter og intervju av nøkkelpersoner for identifiserte fokusområder
Test av relevante kontroller (herunder generelle IT-kontroller)
Gjennomføre øvrige relevante revisjonshandlinger (fokus på transaksjonsklasser)
Møte med administrasjonen og kontrollutvalg, oppsummering interimsrevisjon – møte i januar

- **Årsoppgjørrevisjon**

Ferdigstille eventuelle åpne spørsmål identifisert under interimsrevisjonen
Påse at det ikke foreligger endringer i kommunens intern kontroll, der hvor disse er relevante for revisjonen
Gjennomføre øvrige relevante revisjonshandlinger, herunder avstemming av vesentlige og risikoutsatte balanseposter
Avsluttende analyse av kommunens finansielle rapportering
Foreløpig rapportering til ledelsen og kontrollutvalg

- **Revisjon av årsregnskapet**

Gjennomgang av regnskap og noter
Gjennomgang av årsmelding
Rapportering til ledelsen og gjennomgang med sekretariatet
Møte med kontrollutvalg

- **Kommunikasjon**

PBC-lister (årsoppgjør) / oversikt avtaler (interim)
MRR-dagen og/eller Webinar
Revisjonsberetning og revisjonsrapporter
Møter med kontrollutvalg
Løpende uformell kommunikasjon ved behov

Identifiserte risikoer etter revisjon 2020

- ▶ Økonomi (lite handlingsrom gir økt risiko for feil)
- ▶ Budsjettavvik
- ▶ Minimumsavdrag
- ▶ Finansreglement
- ▶ IT sikkerhet
- ▶ Skille mellom drift og investering (generell risiko)
- ▶ Kontrollmiljø momskompensasjon (generell risiko)

Anslått risiko etter interim

Prosesser	Foreløpig anslått risiko for vesentlig feil informasjon
Regnskapsrapportering	 Middels/ Høy
Overføringsområdet	 Lav
Lønnsområdet	 Lav
Innkjøpsområdet	 Middels
Driftsmiddelområdet	 Middels
Finansområdet	 Middels
Salgsområdet	 Lav

Revisjonstilnærming - Regnskapsrapportering

Regnskapsrapportering

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Status etter interim

Risiko knyttet til:

- Økonomisk handlingsrom (gjeldsgrad)
- Tertialrapportering og offisielt regnskap
- Årsoppgjørdisponering/avslutning og strykninger
- Budsjettjustering og budsjettavvik
- Generelle IT-kontroller

Middels/ høy anslått risiko

Revisjonshandlingene på dette området blir i stor grad gjennomført ved årsoppgjørrevisjon.

Test av ledelseskontroller

Økonomisjefen har rapportert per tertial både på regnskap og finans. Fra sommeren 2021 er det innført kvartalsvis rapportering. Vi vurderer det slik at rapportene omtaler vesentlige forhold.

Kartlegging generell IT kontroller

Generelle IT kontroller kontrolleres i januar. Vi venter på tilbakemelding på etterspurte rapporter.

Revisjonstilnærming - Salgsområdet

Salgsområdet	Angrepsvinkel: Substanshandlinger (analyser og detaljtester) Status etter interim
Risiko knyttet til: • Salgs- og leieinntekter (drift) • Selvkostområdet • Kundefordringer (bal) • Andre kortsiktige fordringer (bal) • Ordinær merverdiavgift	Lav anslått risiko Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner. Presumpsjon tilknyttet mislighetsrisiko tilbakevises Interimsrevisjon av salgsområdet: - Rutinekartlegging - Analyse Balansepostene vurderes i årsoppgjøret.

Revisjonstilnærming – Innkjøp/kostnadsområdet

Innkjøps / kostnadsområde	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger Status etter interim
Risiko knyttet til: • Kjøp av varer og tjenester (drift) • Momskompensasjon • Leverandørgjeld (bal) • Annen kortsiktig gjeld (bal)	Middels anslått risiko Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner. Tvungen attestasjons- og anvisningsrutine for inngående faktura, men fakturaene behandles på mange ulike enheter med varierende forståelse av kontrollrutinen. Interimsrevisjon av innkjøps og kostnadsområdet: - Rutinegjennomgang - Analyse - Test av kontroll - kontroll av attestasjon og anvisning Ved vår bilagskontroll i forbindelse med kommunens søknad om momskompensasjon, har vi ikke funnet avvik på at bilag blir attestert og anvist av to ulike personer. Vår kontroll av attestasjon og anvisning blir også delvis dekket ved test av generelle IT-kontroller. Det har kommet fram i revisjonen at innhold og ansvar som ligger i attestasjon og anvisning bør kommuniseres bedre utover i organisasjonen. Økonomiavdelingen ser viktigheten av dette og vil ta det opp på ledermøter for enhetene.

Revisjonstilnærming – Driftsmidler/ investeringsområdet

Driftsmidler / investeringer	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger Status etter interim
Risiko knyttet til: • Investeringer i varige driftsmidler (inv) • Salg av varige driftsmidler (inv) • Avskrivninger/motpost avskrivninger (drift) • Bruk av lån/lovlig finansiering (inv) • Skille mellom drift og investering	Middels anslått risiko Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner. Tvungen attestasjons- og anvisningsrutine for inngående faktura. Komplisert regelverk og skjønnsmessige vurderinger knyttet til skille mellom drift og investering, samt vurdering av levetid på anleggsmidlene, øker risiko for vesentlige feil. <u>Test av kontroller (interim):</u> • Kontroll av attestasjon og anvisning -Se kommentarer innkjøp • Vi har også etterspurt kommunens vurderinger av egne investeringer for 2021 med tanke på KRS 4 og skille drift og investering. Har ikke mottatt tilbakemelding fra kommunen på rapporteringstidspunktet

Revisjonstilnærming - Lønnsområdet

Lønnsområdet

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger Status etter interim

Risiko knyttet til:

- Lønnskostnader
- Sosiale kostnader
- Pensjon

Lav anslått risiko

Rutinemessige månedlige beløp for fast lønn. Noe mer komplekst (forsystemer, manuelle grunnlag etc.) for variabel lønn. Høyt volum/størrelse, men mindre beløp for enkelttransaksjoner.

Interimsrevisjon av lønnsområdet:

- Rutinegjennomgang
- Analyse
- Test av kontroller – attestasjon og anvisning av timer og reiseregninger.
- Etterkontrollerte lønningslister

Det foretas også avstemming av lønn og regnskap gjennom året uten avvik.

Vår test av kontroll på attestasjon og anvisning av fastlønn, variabel lønn og reiseregninger samt etterkontrollerte lønningslister blir gjennomført i januar 2021.

Revisjonstilnærming - Overføringsområdet

Overføringsområdet	Angrepsvinkel: Substanshandlinger (analyser og detaljtester) Status etter interim
Risiko knyttet til: <u>Overføringsinntekter:</u> • Rammetilskudd (drift) • Inntekts- og formuesskatt (drift) • Eiendomsskatt (drift) • Andre skatteinntekter (drift) • Andre overføringer og tilskudd fra staten (drift) • Overføring og tilskudd fra andre (drift) • Tilskudd fra andre (inv) <u>Overføringsutgifter:</u> • Overføring og tilskudd til andre (drift) • Tilskudd til andres investeringer (inv)	Lav anslått risiko: Overføringsinntekter består hovedsakelig av overføringer fra staten som kan total-avstemmes mot ekstern dokumentasjon. Eiendomsskatt kontrolleres analytisk mot årets forventning, tidligere års regnskap og årets budsjett. Interimsrevisjon av overføringsområdet: - Rutinegjennomgang - Analyse – sammenligningsanalyse, budsjett/vedtak og fjoråret - Kontroll av attestasjon og anvisning bygger på test av kontroll som gjøres på innkjøp/kostnadsområdet. Kontroll av attestasjon og anvisning bygger på test av kontroll som gjøres på innkjøp/kostnadsområdet. Øvrige kontroller på området gjennomføres mest effektivt i årsoppgjøret. Utførte særattestasjoner der vi har avgitt egen uttalelse i perioden: • Søknad om momskompensasjon termin 1:5 • Kommunal kompensasjonsordning til lokale virksomheter • Tilskudd til foreldrestøttende tiltak –etablering av COS og ICPD foreldreveiledning • Spillemidler Sykkylven stadion kunstgrasbane

Revisjonstilnærming - Finansområdet (res)

Finansområdet (res)

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger Status etter interim

Risiko transaksjonsklasser:

- Renteinntekter og renteutgifter (drift)
- Avdrag på lån (drift)
- Utbytter (drift)
- Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler (drift)
- Investering i aksjer og andeler (inv)
- Salg av finansielle anleggsmidler (inv)
- Utlån av egne midler (inv)
- Avdrag på lån (inv)
- Utdeling fra selskaper (inv)

Middels anslått risiko

Finansområdet er sammensatt av mange transaksjonsklasser med ulik risikovurdering.

Interimsrevisjon av finansområdet:

- Rutinegjennomgang

Revisjons handlinger på området blir gjennomført ved årsoppgjørrevisjon.

Revisjonstilnærming - Finansområdet (bal)

Finansområdet (bal)

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger
Status etter interim


Risiko balanseposter:

- Bankinnskudd og kontanter
- Aksjer og andeler
- Andre finansielle plasseringer
- Fond
- Kapitalkonto
- Gjeld til kredittinstitusjoner
- Annen gjeld (obligasjons- og sertifikatlån)
- Utlån
- Ubrukte lånemidler

Kontrollene gjennomføres i all hovedsak som substans i årsoppgjøret

Avslutning

- ▶ Vi har gjennom høsten hatt god dialog med administrasjonen. Vi opplever at det er fokus på utvikling av rutiner for å bidra til god økonomistyring og rapportering.
- ▶ Vi har løpende dialog mellom oss og Sykkylven kommune hvor vi diskuterer aktuelle problemstillinger knyttet til avleggelse av årsregnskap og årsberetning.



“

Vi vil bidra til økt tillit mellom
innbyggerne og våre
eierkommuner

”

- Møre og Romsdal Revisjon SA

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 05/22	Sykkylven kontrollutval	26.01.2022

Årsmelding 2021 Sykkylven kontrollutval

Tilråding til vedtak:

Sykkylven kontrollutval godkjenner årsmeldinga for 2021. Den blir å sende over til kommunestyret til orientering.

Bakgrunn:

Etter Lov om kommunar og fylkeskommunar § 23-1 er det pålagt for kommunane å ha kontrollutval.

Kommunelova har som føremål at kommunen si verksemd skal:

Legge til rette forholda for eit funksjonsdyktig kommunalt folkestyre og for ei rasjonell og effektiv forvaltning av dei kommunale fellesinteressene innanfor ramma av det nasjonale fellesskapet og med sikte på ei berekraftig utvikling.
Legge til rette for ei tillitsskapande forvaltning som bygg på ein høg etisk standard

Dette gir mål for kontrollutvalet sitt arbeid og peikar ut ei retning for korleis utvalet skal utøve rollen sin. Desse måla skal vere å finne igjen i føremålet med både rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon selskapskontroll og andre typar kontrollar. Årsmeldinga gir informasjon om kva for oppgåver kontrollutvalet har hatt fokus på i 2021 og dermed kva utvalet har gjort for å bidra til å nå dei overordna måla.

Utvalet skal på vegne av kommunestyret stå for det løpande tilsynet med kommunen si forvaltning. Utvalet rapporterer og gir innstilling direkte til kommunestyret i saker der dette er oppgåva.

I medhald av kommunelova har kommunaldepartementet fastsett forskrifter om kontrollutval den 17. juni 2019. I forskrifta er det gitt reglar for val og samansetting av utvalet, om utvalet sitt ansvar og oppgåver, om saksbehandling og sekretariat.

Mellom anna skal utvalet føre tilsyn med at revisjon av årsrekneskapen skjer på ein tilfredsstillande måte og at det blir utført forvaltningsrevisjon og tilsyn med eigarskapet i selskap der kommunen er eigar eller deleigar i.

Etter regelverket skal kontrollutvalet ha eige sekretariat, uavhengig av administrasjonen og den valde revisjon. Sekretariatet skal mellom anna sjå til at sakene som blir lagt fram for kontrollutvalet er forsvarleg utgreidd. Sykkylven kommune er med i Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS som i tillegg tenar kommunane Ålesund, Giske, Sula, Stranda og Fjord.

Etter kommunevalet hausten 2019 fekk utvalet slik samansetting:

Leiar:	Leonhard Vårdal
Nestleiar:	Petter Hole - Drabløs
Medlem:	Grethe Melseth
Medlem:	Målfinn Aanning
Medlem:	Kjellaug Roald

Vurdering:

Kontrollutvalet har hatt 5 møte i 2021 og behandla 25 saker. Dette er ein lik aktivitet som førre år, og aktiviteten er eit resultat av det behovet kontrollutvalet har hatt for å ta opp saker i tråd med kommunestyret sitt ønskje.

Innkalling med saksdokument til møte i utvalet blir sendt ut minimum 7 dagar før møtet. Møteinnkallingen blir sendt medlemmene i utvalet, ordførar, rådmann/kommunedirektør, postmottak og kommunens oppdragsansvarlige revisorar.

Protokoll frå møta blir sende dei same som får sakspapira. Kontrollutvalssekretariat har ei heimeside www.kontrollutval.no der også møteinnkallinger, saksdokument og protokollar fortløpande blir lagde ut.

Her finst òg informasjon om kontrollutvalet, sekretariatet og møteplan. Direktelink til kontrollutvalet i Sykkylven kommune ligg her:
<https://kontrollutval.no/kontrollutvala/sykkylven/>

Møteprotokoller frå kontrollutvalet sine møte blir oversendt kommunestyret til orientering. Kommunestyret får dermed løpande oversikt over aktiviteten i kontrollutvalet. I saker der kontrollutvalet gir innstilling eller uttalar til kommunestyret blir det sendt sær utskrift og saksdokument til kommunestyret. Innstillingsretten i slike saker ligg til kontrollutvalet.

Det har blitt lagt vekt på å delta i relevante fora for å halde seg oppdatert om informasjon som er aktuell for kontrollutvalet sine oppgaver. Diverre har korona situasjonen i Noreg også hatt konsekvensar for Sykkylven kontrollutval. Planlagde konferansar har blitt avlyst. Møta i Sykkylven kontrollutval har likevel blitt gjennomført etter kommunelegen sine anbefalingar og i tråd med møteplanen. I juni deltok leiar på ei lokal samling for kontrollutvalsleiarar i regi av kontrollutvalsekretariatet, der fagleg påfyll og erfaringsutveksling var tema.

Når kontrollutvalet har ønska meir informasjon om kommunen si verksemd og samtidig gjere eigen funksjon meir kjent, har rådmannen blitt invitert for å orientere. Også revisor har blitt invitert til å orientere om revisjonsarbeidet.

I tillegg til behandling av kommunen sine rekneskap og årsmelding, har kontrollutvalet også sett det som ei viktig oppgave å ha ei løpande oppfølging av kommunerevisjonen sine merknader. Kontrollutvalet har også fått ei orientering om revisjonsplanen for rekneskapsåret 2021.

Vidare har kontrollutvalet arbeid med forvaltningsrevisjon innanfor innkjøp og offentlege anskaffingar. Denne rapporten var oversendt og handsama i Sykkylven kommunestyre 13. desember 2021 i tråd med innstillinga frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har fått orienteringar av administrasjonen omkring den nye oppvekstreforma som er gjeldande frå 2022. Kommunal internkontroll har vore tema på fleire av kontrollutvalet sine møter i 2021.

Når kontrollutvalet mottok henvendingar frå innbyggjarar eller andre så vurderer utvalet innhaldet i henvendinga og ser på om det er innanfor utvalet sitt mandat før dei vel å gå nærare inn på forholdet.

Det er berre kommunestyret som kan pålegga kontrollutvalet å gjera undersøkingar.

For alle andre henvendingar er det opp til utvalet sjølv å avgjera om det skal gjerast undersøkingar.

Medlemene i kontrollutvalet er kjent med at kontrollutvalet sine oppgaver er mange og viktige. Derfor har det blitt gitt prioritet å styrke forståelsen av kontrollutvalet si rolle på vegne av kommunestyret. Kontrollutvalet har teke sikte på å bidra til at det blir skapt tillit til kommunen og at kommunen fram står som truverdig for brukarar og innbyggjarar i tenesteproduksjon, utøving av mynde og forvaltningsfunksjonar.